

## Generell informasjon

Frivillige organisasjonar innanfor målgruppa kan søkje om kompensasjon for momskostnader ved kjøp av varer og tenester. Du finn meir informasjon om ordninga i *Forskrift om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar* fastsett av Kulturdepartementet 15. april 2013.

## Søknadsmodellar

Søklar kan velje mellom to modellar:

### 1. Forenkla modell:

Den forenkla modellen tek utgangspunkt i dei totale driftskostnadene frå revidert, signert og godkjent rekneskap. Etter at avgrensingar og frådragspostar er trekt frå, kan vi fastsetje søknadsbeløpet (jf. kapittel 2 i forskrifta).

### 2. Dokumentert modell:

I den dokumenterte modellen er utgangspunktet for kompensasjonen faktiske momskostnader. Kostnader som kjem inn under avgrensingane, og kostnader utan rett til kompensasjon skal ikkje inngå i søknadsbeløpet (jf. kapittel 3 i forskrifta).

## Søkjartype – sentralledd eller enkeltstående?

Eit sentralledd er ei sjølvstendig juridisk eining som samordnar regional- og/eller lokalledd med felles formål. I organisasjonar som består av fleire ledd, skal sentralleddet søkje på vegner av heile organisasjonen. Sentralleddet sitt val av modell gjeld òg for underledda som søknaden omfattar. Underledd (regionalledd eller lokalledd) som er knytt til eit sentralledd, kan **ikkje** søkje på sjølvstendig grunnlag.

## SØKNADER FRÅ UNDERLEDD VIL BLI AVVIST.

Ein enkeltstående søklar er ei juridisk eining som ikkje er knytt til eit sentralledd. Enkeltstående søklarar vel sjølve kva for modell dei vil søkje etter.

## Pliktige vedlegg til søknaden

- Godkjent og signert årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for enkeltstående søklarar og sentralleddet (vedlegg B1/C1).
- Organisasjonar som søklar etter forenkla modell, skal leggje ved samla oppstilling over totale driftskostnader, avgrensingar og frådragspostar for heile organisasjonen i fastsett rekneark (vedlegg B2).
- Organisasjonar som søklar etter dokumentert modell, skal leggje ved samla oppstilling over søknadsbeløp for heile organisasjonen i fastsett rekneark (vedlegg C2).
- Revisorrapport utarbeidd av registrert revisor, statsautorisert revisor eller kommunerevisor basert på *ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlinger* for dei som etter forskrifta har krav om dette – sjå Kven skal levere revisorrapport?

- Enkeltstående søklarar og sentralledd som søklar etter dokumentert modell, skal leggje ved transaksjonsliste som dokumenterer søknadsbeløpet (vedlegg C4).

Dersom du ikkje sender med alle vedlegga, risikerer du at søknaden vert avvist.

Papirvedlegg skal vere i A4-format og **utan stiftar**. Dersom du sender søknad og vedlegg via e-post, skal filene vere i PDF-format. Rekneark skal vere i XLS-format eller tilsvarande. Total storleik per e-post må ikkje vere over 100 MB.

## Frivilligregisteret

Enkeltstående søklarar og sentralledd må vere registrerte i Frivilligregisteret innan 1. september 2018.

Vi gjer merksam på at søklarar må ha oppdatert informasjon i både Einingsregisteret og Frivilligregisteret, fordi vi mellom anna hentar postadresse frå registeret.

## Kven skal levere revisorrapport?

*Forenkla modell:*

- Sentralledd med totale driftskostnader over 5 millionar kroner.
- Sentralledd med totale driftskostnader mindre enn 5 millionar kroner dersom de søklar på vegner av underledd.
- Enkeltstående søklarar med driftskostnader på 5 millionar kroner eller meir.
- Underledd og aksjeselskap med driftskostnader på 5 millionar kroner eller meir skal levere revisorrapport til sitt sentralledd.

*Dokumentert modell:*

- Sentralledd med totale driftskostnader over 3 millionar kroner.
- Sentralledd med totale driftskostnader mindre enn 3 millionar kroner dersom de søklar på vegne av underledd.
- Enkeltstående søklarar med driftskostnader på 3 millionar kroner eller meir.
- Alle underledd og aksjeselskap med totale driftskostnader på 3 millionar kroner eller meir skal levere revisorrapport til sentralleddet sitt.

## Søknadsfrist: 1. september 2018

Send skjema med vedlegg til  
Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Send helst via e-post til: [postmottak@lottstift.no](mailto:postmottak@lottstift.no)

eller send til:  
Lotteri- og stiftelsestilsynet, Postboks 800, 6805 Førde

Vi sender kvittering på mottatt søknad til den postadressa som er registrert i Einingsregisteret.

**Del A: Generell informasjon som må fyllast ut av alle søkjarar**

Kva for målform ønskjer du å få svaret ditt på?		
<input type="checkbox"/> Bokmål <input type="checkbox"/> Nynorsk		
A1: Namn på organisasjonen:		
A2: Organisasjonsnummer (9 siffer):	A3: Kontonummer (11 siffer):	A4: Registrert i Frivilligregisteret? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
A5: Organisasjonen søker momskompensasjon etter følgjande modell:		
<input type="checkbox"/> Forenkla – fyll ut del B (nedanfor) <input type="checkbox"/> Dokumentert – fyll ut del C (neste side)		
A6: Dersom organisasjonen er sentralledd, oppgje tal:		
Lokalledd i søknaden: _____	Regionalledd i søknaden: _____	
Lokalledd i organisasjonen: _____	Regionalledd i organisasjonen: _____	
<b>Kontaktperson</b>		
Førenamn og etternamn		Tlf.:
E-post:		

**Del B: Fyllast ut av søkjarar som nyttar forenkla modell**

<b>Følgjande vedlegg skal leggst ved søknaden:</b> (kryss av dersom vedlagt)		
<input type="checkbox"/> B1: Godkjent og signert årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding		
<input type="checkbox"/> B2: Samla oppstilling over søknadsbeløp i fastsett rekneark – skal sendast som vedlegg til e-post		
<input type="checkbox"/> B3: Revisorrapport - basert på ISRS 4400 Avtalte kontrollhandingar (for dei som etter forskrifta har krav om dette)		
<b>Utrekning av kompensasjonsgrunnlag. Skriv berre i heile tal.</b>		
B4: Totale driftskostnader for organisasjonen (inkl. eventuelle underledd og aksjeselskap)		,-
<b>Driftskostnader som fell utanfor ordninga (§ 5 fjerde ledd og 7 sjetten til tiande ledd):</b>		
Kostnader knytt til ikkje-frivillig del og ikkje fortjenestebasert verksemd (§ 5, 4. ledd/§ 7, 6. ledd)		,-
Ny-, på- og ombyggingskostnader bygg, anlegg og anna fast eigedom (§ 7, 7. ledd)	+	,-
Avskrivningar på bygg, anlegg og anna fast eigedom (§ 7, 7. ledd)	+	,-
Drifts- og vedlikehaldskostnader bygg, anlegg og anna fast eigedom for utleige (§ 7, 8. ledd)	+	,-
Kostnader kompensert gjennom ordninga for momskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg (§ 7, 9. ledd)	+	,-
B5: Sum kostnader som fell utanfor ordninga	=	,-
<b>Frådragspostar iht. § 11 tredje ledd:</b>		
Overføring utland (§ 11, 3. ledd bokstav a)		,-
Lønn til personell stasjonert i utlandet (§ 11, 3. ledd bokstav b)	+	,-
Totale driftskostnader knytt til avgiftspliktig del (§ 11, 3. ledd bokstav c)	+	,-
Overføring til andre og mellom ledd i organisasjonen (§ 11, 3. ledd bokstav d)	+	,-
Totale driftskostnader knytt til kommunal-/fylkeskommunal momskompensasjonsordning (§ 11, 3. ledd bokstav e)	+	,-
B6: Sum frådragspostar	=	,-
B7: Grunnlag for kompensasjon: (B7 = B4 – B5 – B6) (Minstegrensa for å kunne søkje om kompensasjon er 200 000 kroner i grunnlag.)	=	,-
B8: Søknadsbeløp: (B8 = B7 x 0,35 x 0,2)		,-

**Del C: Fyllast ut av søkjarar som nyttar dokumentert modell**

<b>Følgjande vedlegg skal leggast ved søknaden:</b> (kryss av dersom vedlagt)				
<input type="checkbox"/> C1: Godkjent og signert årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding				
<input type="checkbox"/> C2: Samla oppstilling over søknadsbeløp i fastsett rekneark – skal sendast som vedlegg til e-post				
<input type="checkbox"/> C3: Revisorrapport - basert på ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlingar (for dei som etter forskrifta har krav om dette)				
<input type="checkbox"/> C4: Transaksjonsliste for sentralledd/enkeltstående søkjar.				
<b>Utrekning av kompensasjonsgrunnlag. Skal samsvare med transaksjonsliste (samla oppstilling i rekneark for sentralledd) og berre bestå av kompensasjonsberettiga kostnader jf. forskrifta §§ 7 og 17.</b>				
C5: Totale driftskostnader (inkl. eventuelle underledd og aksjeselskap)				,-
C6: Grunnlag 25 % mva:	Bruttobeløp:	,-	Betalt mva:	,-
C7: Grunnlag 15 % mva:	Bruttobeløp:	,-	Betalt mva:	+
C8: Grunnlag 10 % mva:	Bruttobeløp:	,-	Betalt mva:	+
C9: Søknadsbeløp. Sum betalt mva: C9 = C6 + C7 + C8				=
Minstegrensa for å kunne søkje om kompensasjon er 14 000 kroner i søknadsbeløp.				,-

**Eventuell kommentar til søknaden:**

### **Rettleiing til felta i søknadsskjemaet:**

#### **A1: Namn på organisasjonen**

Søklarar som søker på vegner av underledd, skal gi opp namnet på sentralleddet i søknadsskjema. Namn på underledd skal stå i reknearket (vedlegg B2/C2).

#### **A2: Organisasjonsnummer**

Dersom søknaden inkluderer underledd, skal du oppgi organisasjonsnummeret til sentralleddet i søknadsskjema. Organisasjonsnummera til underledd skal stå i reknearket.

#### **A3: Kontonummer**

Søklarar skal oppgi oppdatert kontonummer. Eventuell kompensasjon blir utbetalt til kontonummeret du har oppgitt i søknaden. Dersom søknaden gjeld fleire underledd, skal sentralleddet vidareformidle kompensasjonen i tråd med tildelingsbrevet.

#### **A4: Registrert i Frivilligregisteret**

Søklar (sentralledd eller enkeltstående) må vere registrert i Frivilligregisteret innan søknadsfristen 1. september. Dersom registrering manglar, vil ikkje søknaden bli handsama.

#### **A5: To ulike søknadsmodellar**

Organisasjonen kan velje mellom to ulike modellar. Eventuelle underledd skal nytte same modell som sentralleddet.

##### *Forenkla modell:*

Grunnlaget for kompensasjon etter forenkla modell er totale driftskostnader minus avgrensingar og frådragspostar som ikkje kjem inn under ordninga. Minstegrensa for å søkje er 200 000 kroner i grunnlag.

##### *Dokumentert modell:*

Grunnlaget etter dokumentert modell er faktiske mva-kostnader, unntatt avgrensingar og kostnader som ikkje gir rett til kompensasjon. Minstegrensa er 14 000 kroner i momskostnader med rett til kompensasjon.

#### **A6: Sentralledd, lokalledd og regionalledd**

Eit sentralledd er ei juridisk sjølvstendig eining som organisatorisk og/eller gjennom vedtekter samordnar regional- og/eller lokalledd med felles formål. Underledd

som ønskjer kompensasjon skal takast med i søknaden frå sentralleddet. Sentralleddet skal kontrollere at underledd oppfyller vilkåra for å delta i ordninga.

*Lokalledd:* Juridisk sjølvstendig eining på lokalt plan som organisatorisk og/eller gjennom vedtekter har tilknytning til regionalledd og sentralledd.

*Regionalledd:* Juridisk sjølvstendig eining på regionalt plan som organisatorisk og/eller gjennom vedtekter har tilknytning til eit sentralledd, og som har eitt eller fleire lokalledd knytt til seg.

#### **B4: Totale driftskostnader**

Totale driftskostnader skal du hente frå revidert, godkjent og signert rekneskap. For dei organisasjonane som set opp rekneskap etter foreløpig standard for ideelle organisasjonar, vil brukte midlar vere utgangspunkt for utrekninga av kompensasjon. Finanspostar skal ikkje inngå i brukte midlar.

#### **B5: Minus kostnader som fell utanfor ordninga**

Kostnader definert i § 7 sjette til tiande ledd gir ikkje rett til kompensasjon. Avgrensingane som går fram av denne paragrafen, gjeld alle søklarar inklusive underledd og aksjeselskap. Summen av kostnadene som fell utanfor ordninga skal du føre inn i søknadsskjemaet under denne posten.

#### **B6: Minus frådragspostar**

Det skal gjerast frådrag for postar etter § 11 i forskrifta.

Følgjande organisasjonar skal gjere frådrag:

- Sentralledd.
- Enkeltstående søklarar med driftskostnader på 1 million kroner eller meir.
- Underledd med driftskostnader på 5 millionar kroner eller meir.
- Aksjeselskap.

Summen av frådragspostane skal du føre inn i søknadsskjemaet under denne posten.

#### **C6–C8: Kompensasjonsgrunnlag og utrekna mva**

For kvar mva-sats fører du opp summen av kostnader som gir rett til kompensasjon, inkl. mva (bruttobeløp) og sum mva-beløp. Du må dokumentere kostnadene med ei transaksjonsliste (vedlegg C4).

**Eigenerklæring om frivillig verksemd**

For å komme inn under ordninga om kompensasjon for meirverdiavgift må organisasjonen drive frivillig verksemd. Frivillig innsats betyr at nokon stiller si tid til disposisjon for organisasjonen utan krav om motyting, betaler medlemskontingent utan vederlag eller gir pengar/gåver til organisasjonens føremål.

For at forvaltaren av ordninga skal vere i stand til å vurdere om søkjarens aktivitetar er baserte på tilstrekkeleg grad av frivillig innsats, må du svare på spørsmåla under.

**1. Kva er organisasjonens føremål? (Ein organisasjon kan ha fleire føremål.)****2. Kva er organisasjonens hovudaktivitet(ar) for å oppfylle føremålet/føremåla?****3. Kor mange lønna årsverk utfører organisasjonen på:**

Sentralt nivå:

Regionalt nivå:

Lokalt nivå: (valfritt)

Hald fram på neste side →



Forts. *eigenerklæring om frivillig verksemd*

**4. Utgreiing av gratis arbeidsinnsats knytt til organisasjonens aktivitet(ar):**

Kor mange frivillige har organisasjonen? (valfritt)

Kor mange årsverk utgjør frivillige i organisasjonen? (valfritt)

**5. Gåver, kontingentar og liknande som blir gitt til organisasjonen utan krav om motyting:**

*Kort utgreiing om givarkategoriar (faste givarar, bidrag gjennom innsamlingar, testamentariske gåver og liknande):*

Talet på medlemmar som betaler kontingent: (valfritt)

**Underskrift på søknad:**

Underteikna stadfestar at opplysningane gitt i søknaden med vedlegg er korrekte. Underteikna er kjend med innhaldet i *Forskrift om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjoner*.

Stad

Dato

Signatur av person som har fullmakt til å signere søknad på vegner av søker